

KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/38

av 5. februar 2010

om endring av vedtak 2009/719/EF om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE

[meld under nummeret K(2010) 626]

(2010/66/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1b andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett reglar for å forebygge, motkjempe og utrydde spongiform encefalopati som kan overførast (TSE) hjå dyr. I medhald av forordninga skal kvar medlemsstat gjennomføre eit årleg program for overvaking av TSE, i samsvar med vedlegg III til den nemnde forordninga. Desse programma skal minst omfatte visse delpopulasjonar av storfe som tilhøyrer visse aldersgrupper.
- 2) I den nemnde forordninga er det òg fastsett at medlemsstatar som kan vise til ei betring av den epidemiologiske situasjonen på territoriet sitt, i samsvar med visse kriterium kan be om at dei årlege overvakingsprogramma vert reviderte.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 2009/719/EF⁽²⁾ fekk dei medlemsstatane som er førte opp i vedlegget til det nemnde vedtaket, løyve til å revidere dei årlege overvakingsprogramma sine. I vedtaket er det òg fastsett at programma minst skal nyttast på alle dyr som tilhøyrer visse delpopulasjonar av storfe som er eldre enn 48 månader.
- 4) Kypros la 2. oktober 2008 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
- 5) Næringsmiddel- og veterinærkontoret gjennomførte ein inspeksjon på Kypros frå 29. juni 2009 til 3. juli 2009 for å kontrollere at dei epidemiologiske kriteria som er fastsette i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III til forordning (EF) nr. 999/2001, er oppfylte.

6) Resultata frå denne inspeksjonen stadfesta at Kypros på korrekt måte har gjennomført dei reglane for vermetiltak mot bovin spongiform encefalopati (BSE) som er fastsette i forordning (EF) nr. 999/2001. I tillegg vart alle krava i artikkel 6 nr. 1b tredje leddet og alle dei epidemiologiske kriteria som er fastsette i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III til den nemnde forordninga, kontrollerte og funne å vere oppfylte på Kypros.

7) På bakgrunn av alle tilgjengelege opplysningar er den oppmodinga som Kypros har lagt fram med sikte på revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE, teken til følgje. Kypros bør difor få løyve til å revidere det årlege overvakingsprogrammet sitt og innføre 48 månader som ny aldersgrense for BSE-prøvetaking i denne medlemsstaten.

8) Vedlegget til vedtak 2009/719/EF bør difor endrast.

9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2009/719/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 5. februar 2010.

For Kommisjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 35 av 6.2.2010, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 59/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 256 av 29.9.2009, s. 35.

VEDLEGG«*VEDLEGG*»**Liste over medlemsstatar som har løyve til å revidere dei årlege programma sine for overvaking av BSE**

- Belgia
 - Danmark
 - Tyskland
 - Irland
 - Hellas
 - Spania
 - Frankrike
 - Italia
 - Kypros
 - Luxembourg
 - Nederland
 - Austerrike
 - Portugal
 - Slovenia
 - Finland
 - Sverige
 - Det sameinte kongeriket»
-